



Vinje kommune
Økonomi, plan og utvikling

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.

0032 Oslo



Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
JMY	2007/4832	784/2008	103/&13	17.01.2008

Sørheim-utvalet - Høyringsuttale frå Vinje kommune

Vedlagd følgjer Vinje formannskap si høyringsuttale til Sørheimutvalet sin rapport. Ettersom ein ikkje rakk å få endeleg vedtak innan utløpet av KS sin interne frist 9. januar, sendast uttala direkte til departementet.

Med helsing

Jan Myrekrok
Plan- og økonomisjef



--

Arkiv saknr:	2007/4832
Løpenr.:	352/2008
Arkivkode:	103/13

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Formannskapet	17.01.2008	08/4

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

Sørheim-utvalet - Høyringsuttale frå Vinje kommune

Vedlegg:

Utkast frå Telemarksforsking til høyringsuttale frå K14 m.fl.

Dokument i saka:

- Brev fra KS datert 15.11.07, der kommunane blir bedne om høyringssvar
- Sørheimutvalets rapport:
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/pressesenter/pressemeldinger/2007/Eit-meir-rettferdig-inntektssystem-for-k.html?id=487112>

Bakgrunn:

Inntektssystemet er eit system for fordeling av den økonomiske ramma for dei frie inntektene (skatteinntekter og rammeoverføring) til kommunar og fylkeskommunar slik at kommunane og fylkeskommunane blir satt i økonomisk stand til å gje innbyggerane eit likeverdig tenestetilbod uavhengig av kvar i landet ein er busett.

I tillegg til å sikre innbyggerane grunnlag for eit likeverdig tenestetilbod skal inntektssystemet bidra til eit busettingsmønster slik at "heile landet vert tatt i bruk."

Eit likeverdig tenestetilbod skal oppnåast gjennom inntekts- og utgiftsutjamninga, mens tilrettelegging for eit ønskt busettingsmønster skal oppnåast gjennom dei regionalpolitiske virkemidla.

Dei regionalpolitiske virkemidla i dagens rammetilskot består av Nord-Noreg-tilskot, regionaltilskot og kompensasjonen for bortfall av differensiert arbeidsgivaravgift.

Det ordinære skjønnstilskotet, dvs. skjønnstilskot eksklusive kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgivaravgift, er eit supplement til innbyggartilskotet og skal bl.a. ivareta spesielle lokale tilhøve som ikkje blir fanga opp av den kriteriebaserte utgiftsutjamninga. I tillegg nyttast skjønnstilskotet til å fange opp uføresette hendingar og til å finansiere utviklingsprosjekt.

Sørheim-utvalet la fram si innstilling til Kommunal- og regionalministeren 26. oktober 2007. Kommunane har høyringsfrist til utvalets innstilling 28. januar 2008. Regjeringa tek sikte på å handsame Sørheim-utvalets tilrådingar og resultatet frå departementets arbeid med kostnadsnøklane i kommuneproposisjonen for 2009, i mai 2008.

Vurdering:

Sørheim-utvalet har skiftande fleirtal for ulike deler av si tilråding. Nedanfor følgjer ein kort presentasjon av utvalets tilrådingar. Rådmannen sine kommentarar og tilrådingar er basert på drøftingar med administrativ leiing i kommunane Tinn og Tokke, samt K14 som er ei gruppe samarbeidande kommunar i indre delar av Aust- og Vest-Agder. Desse kommunane har samarbeid om å engasjere Telemarksforsking til å utarbeide eit avgjerdsgrunnlag i saka. Eit førebels utkast er vedlagd som ei ekstra orientering til formannskapsmedlemmene.

Det er fleire element i utvalets fleirtalstilråding som rådmannen har behov for å kommentere. Samla omfordelingseffekt i Vinje kommunes disfavour utgjør ca 0,7 mill kr (*før eventuelt trekk for overgangsordning*) dersom Sørheim-utvalets tilrådingar leggst til grunn. Sørheim-utvalet skulle ikkje vurdere kostnadsnøklane i inntektssystemet.

Skatteandel

Utvalet tilrår at skatteinntektene framleis skal utgjere rundt 50 % av kommunanes samla inntekter.

Merknad:

I sin vurdering av skatteandelen har omsynet til lokal forankring av inntektene og lokaldemokrati blitt tillagt stor vekt på kostnad av omsynet til fordeling, forutsigbarheit og stabiliseringspolitikk. Alle organisasjonar, også kommunane, må ha innflytelse på eige inntektsgrunnlag, og motivasjon for å prioritere skatteinnkrevjing.

Selskapsskatt

Utvalets fleirtal tilrår at selskapsskatten avviklast som kommunal inntekt og at den delen av skatten som selskapsskatten utgjør i dag, leggst på skatt frå personlege skattytarar. I si grunngjeving har ein lagt vekt på at det er stor variasjon i selskapsskatten mellom kommunane, i tillegg til at selskapsskatten er lite stabil og dermed lite forutsigbar. Fleirtalet har heller ikkje fått dokumentert at selskapsskatten bidrar til auka insentiv til næringsutvikling.

Merknad:


Rådmannen er samd med utvalet. Kommunane har òg blitt nekta innsyn i korleis skatten har blitt berekna, noko som er eit tilleggsargument for å ta vekk denne skatten som kommunal.

Inntektsutjamning

Utvalets fleirtall meiner at inntektsutjamninga (skatteinntekter) ikkje er tilstrekkeleg i høve til å sikre kommunar med svakt inntektsgrunnlag nødvendige ressursar og tilrår å auke

kompensasjonsgraden og trekkprosenten med 5 %-poeng fra 55 % til 60 % innanfor den symmetriske delen av utjamninga, mens tilleggskompensasjon og referansenivå for tilleggskompensasjonen oppretthaldast på h.h.v. 35 % og 90 %.

Sørheim-utvalet har etter rådmannens meining teke eit avgjerande steg i rett retning. Dette slår uheldig ut for Vinje, men vurderast til å vere til å leve med. Dersom dette inneber at det no vert ro kring inntektssystemet (Borge-utvalet var førre regjering sitt inntektssystemutval) vil rådmannen stø opp om dette grepet.



differensiert arbeidsgjevaravgift er halde utanfor.

Merknad:

Det nye forslaget om eit distriktstilskot til erstatning for Nord-Noreg- og regionaltilskotet bør ha ein stegvis verknad - til dømes

- 100% verknad under 120 % skatteinntekt
- 80 % verknad for kommunar mellom mellom 120 og 130 % skatteinntekt
- 60 % verknad for kommunar mellom mellom 130 og 140 % skatteinntekt
- 40 % verknad for kommunar mellom mellom 140 og 150 % skatteinntekt
- 20 % verknad for kommunar mellom mellom 150 og 160 % skatteinntekt

(av landsgjennomsnittet).

Påstand: meir skatteutjamning må innebære at distriktstilskotet då femner om dei kommunane som misser "realverdien" av sine meirskatteinntekter.

Vekst, fråflytting og folketalsoppdatering

Utvalet ønskjer å halde på ordninga med oppdatering av innbyggjartalet, men vil setje telledato til 1. juli i året før budsjettåret. Kommunar som har ein høgare vekstrate enn det

doble av den gjennomsnittlege veksten på landsbasis siste tre år, og som har lågare skatteinntekter enn 140 % av landsgjennomsnittet i same periode, skal få eit veksttilskot.

Merknad:

Endelege innbyggjartal pr. 1 juli er ikkje klare før godt ut på hausten. Ei slik forskyving vil truleg ikkje hjelpe kommunane med folketalsnedgang i høve til arbeidet med budsjett/økonomiplan, sjølv om det vil motverke tapet i budsjettåret. Folketalsoppdateringa må reverserast til gamal ordning med 1.1 i året før budsjettåret som teljedadato. For å kome vekstkommunar, og andre, i møte må staten for kvart statsbudsjett kompensere for folketalsauken i landet (som regel over 1 % kvart år), og legge meir midlar inn i inntektssystemet totalt sett. Dette har nesten ikkje til dags dato skjedd.

I staden for eit veksttilskot bør staten finne ordningar som motverkar den samfunnsmessig uheldige sentraliseringa. Dersom veksttilskotet kjem, stiller Vinje seg bak den føreslegne finansieringsmåten (trekk i skjønnsporten) men vil presisere at det må gjelde den delen som går til einsildkommunar.

Overgangsordninga

Utvalet vil innføre eit nytt trekk i rammetilskotet som finansiering av inntektsgarantiordninga.

Merknad:

Kommunane meiner at ei overgangsordning må finansierast utanfor inntektssystemet. Noko anna bidreg til auka uforutsigbarhet.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Vinje formannskap syner til saksframstillinga med gjennomgang og kommentarar til dei ulike hovudpunkta i Inntektssystemutvalet si innstilling og meiner at utjamninga av skatteinntektene slik Sørheim-utvalet har foreslått, er tilstrekkelig til å sette kommunane i stand til å gi alle innbyggjarar i landet eit likeverdig tenestetilbod. For øvrig syner ein til vurderingane i saksframstillinga.

Rådmannen, 09.01.08

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Formannskapet 17.01.2008:

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vinje formannskap syner til saksframstillinga med gjennomgang og kommentarar til dei ulike hovudpunkta i Inntektssystemutvalet si innstilling og meiner at utjamninga av skatteinntektene slik Sørheim-utvalet har foreslått, er tilstrekkelig til å sette kommunane i stand til å gi alle innbyggjarar i landet eit likeverdig tenestetilbod. For øvrig syner ein til vurderingane i saksframstillinga.